



Plan- og byggesaksavdelingen

NVE region vest
Pb 53

6801 FØRDE

Vår ref. 11/610-2	Dykkar ref.	Sakshandsamar Monika Lysne	Direktenr 57 64 12 45	Arkiv K2-F77	Dato: 08.06.2012
----------------------	-------------	-------------------------------	--------------------------	-----------------	---------------------

Søknad om bistand til planlegging og gjennomføring av sikringstiltak av Lærdalsøyri

Lærdalsøyri er kommunesenteret i Lærdal med om lag 1000 innbyggjarar. Lærdalsøyri er topografisk relativt flatt, og ligg nedst i "Lærdalsdalen". Gjennom dalen renn Lærdalselva som munnar ut i fjorden ved Lærdalsøyri. Denne elva har stor vassføring, og har gjennom alle tider førd med seg ein flaumfare for busetnaden og landbruksareala. Etter større flaumar som har gjort stor skade, har det vorte gjort tiltak langs elvestrekninga for å unngå nye hendingar. Det har førd til at store delar av elva har langsgåande flaumverk. På Lærdalsøyri vart dette flaumverket sist arbeida med på byrjinga av 70-talet, etter storflaumen i -71, som påførde busetnaden på Lærdalsøyri stor skade.

NVE har utførd flaumfarekartlegging for Lærdalsøyri i 2002. Denne rapporten konkluderar med at flaumfaren er svært stor, og at store delar av busetnaden kan verte ramma av ein 10-års flaum. Ved ein 50-års flaum kan mesteparten av busetnaden verte ramma. For meir informasjon om denne rapporten, flaumsonekart og liknande, sjå her:

<http://www.nve.no/no/Flom-og-skred/Farekartlegging/Flomsonekart/Flomsonekart-arkiv/Sogn-og-Fjordane-arkiv/Delprosjekt-Lardal-12-2002/>

I pinsa 2011 var det ein storflaum i Lærdal. Lærdalselva var då svært stor, og det rann over flaumverket fleire stadar, og vatn kom inn i delar av busetnaden. Denne flaumen var ein 10-20 års flaum. Kommunen er no svært engsteleg for at ein 20-50-års flaum skal koma, då det vil føre til store skadar på busetnaden og sentrale funksjonar i bygda. Dei aller fleste bygningane i Lærdal er ikkje tilpassa flaumfaren, då det var størst byggeaktivitet på Lærdalsøyri fram til slutten av 90-talet, altså før flaumfarekartlegginga fann stad. Det var den gongen ikkje same krav til sikkerheit på bustadoppføring som i dag, og ein var overbevist om at flaumverket som vart forsterka på 70-talet skulle vera tilstrekkeleg. Det har og vore trudd at då elva er regulert, kan regulant vere med å begrense flaumane, ved å sleppe mindre vatn ut frå magasina. Me har sett på dei siste flaumane, og spesielt flaumen i pinsa i fjor, at flaumverket på Lærdalsøyri ikkje er godt nok. Somme stadar var det snakk om berre 20 cm meir stigning på elva, før vatnet hadde runne over flaumverket. Nokre stadar rann vatnet gjennom flaumverket, og ein del landbruksareal bak flaumverket stod under vatn. Ein del

hagar og garasjar vart og råka av flaumen. I tillegg var alle magasinane i fjellet fulle, så det var liten eller ingen plass å lagre meir vatn. Dermed var det ingen moglegheit for regulant å avgrense vatnet som kom ned i elva.

I 2011 gjorde NVE ei ny kartlegging for Lærdalsøyri, basert på GPS-målingar av flaumverket. Både før og i etterkant av denne kartlegginga, har kommunen vore i dialog med NVE (Toralf Otnes, Magne Verlo og Siss-May Edvardsen), om korleis kommunen skal løyse problema med flaumfaren. På Lærdalsøyri har kommunen mange viktige sentrumsfunksjonar som butikkar, rådhus, apotek, politi, helsesenter, hotell osv. I tillegg er det kyrkje med gravplass, sjuke-/gamleheim, skular og barnehagar som vil bli råka av ein flaum. På Lærdalsøyri har me og den verna trehusbebyggelsen Gamle Lærdalsøyri, som består av bygningar frå 17-1800-talet. Den verna bygningsmassen er svært viktig i nasjonal samanheng, og har motteke fleire prisar for vernearbeidet, blant anna Maihaugprisen. I tillegg har ein fleire freda og verneverdige bygningar, spesielt langs Øyragata. Kulturhuset i Lærdal er og innanfor flaumsona. I samanheng med denne bygningen er det og Kunstsenter, lydstudio og Villakssenter. Kunstsenteret er tilpassa innvendig til å tole flaum, då den er bygd i seinare tid, men resten av bygningen er ikkje tilpassa flaumfaren. I tillegg til desse viktige bygningane, er og så å seie heile busetnaden på Lærdalsøyri utsett for stor flaumfare.

Kommunen har eit sterkt ynskje om å få på plass ein tilfredstillande flaumsikring for heile Lærdalsøyri, for å sikre eksisterande bygningsmasse. I samråd med NVE dei siste månadane, har ein komme fram til at den enklaste, sikraste, rimelegaste og mest føremålstenelege metoden å gjere dette på, er å forsterke eksisterande flaumverk, dvs. forsterke i høgde og breidde, slik at Lærdalsøyri ikkje lenger er utsett for flaum frå Lærdalselva. Dette er eit omfattande arbeid, som ikkje kommunen har moglegheit til å utføre aleine, samstundes som det er eitt enkelt tiltak som vil sikre svært mange bygningar. **Me søker difor om bistand til planlegging og gjennomføring, i tillegg til økonomisk bistand til dette tiltaket frå NVE.**

Kommunen er klar over at på grunn av klimaendringane, vil me verte utsett for ekstremvær som store flaumar med større gjentakintervallar i framtida. Siste åra har det vore fleire tilfeller der kommunen og innbyggjarane våre har vore engsteleg for busetnaden på Lærdalsøyri. Me ber difor om at ein søknad vert handsama så raskt som mogleg, for å unngå meir uro kring dette ved neste storflaum. Dessutan er det i kommunen på gang ei større kraftverksutbygging (Mork kraftverk), som vil føre til at kommunen har tilgang på all naudsynt fyllmasse til å gjennomføre tiltaket. Dersom kommunen skal få hand om desse massane for å gjennomføre tiltaket, må endeleg avklaring om gjennomføring vere på plass så fort som mogleg, då arbeidet på dette kraftverket kan vere i gang allereie frå hausten/vinteren 2012.

I tillegg til å sikre eksisterande bygningsmasse, er kommunen sjølvstøtt interessert i utvikling av Lærdalsøyri. Denne utviklinga har no heilt stoppa opp pga. flaumfaren. Kommunen er no i ein svært vanskeleg situasjon, der all nybygging er komplisert, då alle nye bygningar må hevast til flaumsikker sone, dvs i somme tilfeller opp 2,5-3 m. I ei flat bygd, vil dette få store konsekvensar for bygningsmiljøet, i tillegg til at alle utbyggingsprosjekt vert svært kostbare. Dette har gjort til at det i dag ikkje er nokon utbyggjar som ynskjer eller kan byggje på Lærdalsøyri, sjølv om kommunen er i ein svært pressa bustadsituasjon. Det er klart størst press på bustadmarkedet som er sentrumsnært, og alternative bustadplassar oppover bygda er vanskeleg og komplisert å etablere pga blant anna byggjeforbod langs Lærdalselva, E 16, rasfare, flaumfare, jordvern og viktig kulturlandskap/kulturminne. Kommunen ber også på grunn av dette om at ein søknad vert raskt handsama, då kommunen ser det som svært naudsynt å raskt betre bustadsituasjonen på Lærdalsøyri. Me treng difor ei rask avklaring på om korleis me skal planleggje vidare bustadutvikling i Lærdal. Dersom heile Lærdalsøyri

vert flaumsikra, treng me ikkje bruke mykje tid og ressursar både i NVE og i kommunen på å planleggje alle nye tiltak framover med flaumsikringstiltak. Men dersom dette ikkje vert gjort, må kommunen raskt gå i gang med alternativ planlegging, så me treng difor ei rask avklaring på saka.

I hovudsak er det eksisterande busetnad og viktige sentrumsfunksjonar som kommunen ynskjer å få bistand til å sikre gjennom denne søknaden. Vedlagd ligg kart som syner den aktuelle strekninga, der flaumverket bør vurderast forsterka. Det er ikkje sikkert at heile flaumverket treng forsterking, då det er ulik høgd på denne. Sjølve flaumverket er regulert til tursti i Kommunedelplan for Lærdalsøyri (2008), og det er stort sett landbruksareal langs flaumverket.

Ser fram til å høyre frå dykk i saka, ta gjerne kontakt om de treng meir informasjon. Kommunen stiller gjerne på synfaring.

Med helsing

Monika Lysne
arealplanleggjar